

# Landskappleiken Landsfestivalen 2011

- › Intervju
- › Resultat
- › Bilete
- › Notisar
- › Kommenterar

# Helsing frå eigaren

## Takk!

**D**ei siste to åra har eg vore på Landskappleiken og Landsfestivalen med eit anna fokus enn tidlegare. Før har eg berre vore der, delteke, kanskje vore domar og elles berre kosa meg.

No "ser" eg alt arbeidet som ligg bak, alle førebuingane og all omtanken. Det har vore flott å ha vore på morgonmøta på stemna, både på Landskappleiken i Seljord og på Landsfestivalen i Oppdal, høyrte på diskusjonen og rapportane og skjønt kva slag logistikk som ligg til grunn for eit vellukka stemne.

Eg er også imponert over korleis arrangørane takla tragedien 22. juli, midt under Landsfestivalen. I slike høve synte det seg klårt korleis musikken kan hjelpe oss, gje oss noko å samlast om og styrkje og lindre smerta.

Takk skal de ha både i Seljord og Oppdal, og velkomne att som arrangørar for FolkOrg ved eit seinare høve.

*Maria Høgetveit Berg  
Styreleiar, FolkOrg*



«No 'ser' eg alt arbeidet som ligg bak,  
alle førebuingane og all omtanken»

*Maria Høgetveit Berg*

# I n n h a l d

## Landskappleiken 2011

|                                      |    |
|--------------------------------------|----|
| Oppsummering og fakta                | 4  |
| Marit Vestrum – held trådane samla   | 5  |
| Resultat og biletkavalkade           | 6  |
| Kommentar: Even Pedersen             | 9  |
| Notisar                              | 12 |
| Kappleikspraten: Astrid Sulheim      | 14 |
| Felebyggjar og spelemann: Ottar Kåsa | 15 |
| Eit tilbakeblikk                     | 16 |

## Landsfestivalen 2011

|   |    |
|---|----|
| Oppsummering og fakta                         | 18 |
| Resultat og biletkavalkade                    | 20 |
| Kommentar: Jonas Hoksnes                      | 23 |
| Notisar                                       | 26 |
| Historiske meistarar: Herr og fru Engebretsen | 28 |
| Talentet: Ole Nilssen                         | 29 |
| Eit tilbakeblikk                              | 30 |



## Festivalmagasin

|                 |   |
|-----------------|---|
| Utgjevar:       | FolkOrg – Organisasjon for folkemusikk og folkedans                                     |
| Adresse:        | Postboks 4613, Sofienberg, 0506 Oslo  |
| Tekst:          | Knut Aastad Bråten og Arvid Skancke-Knutsen   |
| Foto:           | Knut Utler (KU), Eivind Kaasin (EK), Knut Aastad Bråten (KAAB), Mari Skeie Ljones (MSL) |
| Framsidedfoto:  | Ung lausdansar (Foto KU)  |
| Språkvask:      | Jan Gausemel  |
| Grafisk design: | Henning Wangsnes/Kreativ Strek  |
| Trykk:          | Prinfo Unique, Porsgrunn  |
| Opplag:         | 2200  |



LAUSDANS: Unge gutar frå Hallingdal (Foto EK).

**Landskappleiken 2011**  
**Arrangørstad:** Seljord  
**Deltakarar:** 1282 startande. Individuelle og deltakarar i gruppe og lag  
**Friviljuge:** 450  
**Publikum:** 5000  
**Økonomisk resultat:** Per 16/9 – enno uvisst

# Gav mykje lærdom

— **Vi er veldig fornøgde. Vi har lært svært mykje av prosessen og av sjølve arrangementet, seier sekretær for Landskappleiken 2011, Torunn Raftevold Rue.**

**A**rrangementsbygda Seljord er kjent for stor gjennomføringsevne. Dugnadsviljen er stor.

– Erfaringane i Seljord gjer at ein del ting går veldig lett. Vi har erfaring med store arrangement, så noko av utfordringa var å vise at Landskappleiken var noko anna enn ein stor kommersiell festival. Det er sjølv sagt slitsamt og travelt å arrangere festival, men det var moro, artig, kjekt, rørende og inspirerende også! Vêret kan ein ikkje gjere noko med, så det må ein ta som det kjem.

Raftevold Rue får ikkje lovprisa nok dei lokale utøvarane og friviljuge.

— Vi valde å bruke mange unge, lokale i opningsframsyninga, noko som hadde, og har, store ringverknader.

«No veit folk i Seljord og omegn kva ein landskappleik er»

Torunn Raftevold Rue

— Vi kan ikkje få fullrost alle dugnadsfolka som stilte opp utan å ha nær tilknytning til Seljord spelemannslag. Dei gjorde ein jobb fordi dei hadde lyst til å hjelpe oss og lokalsamfunnet.



KOORDINATOR: Marit Vestrum (Foto KAAB).

# Hjelparen

**Marit Vestrum (38) er nyttilsett i FolkOrg med ansvar for kappleikane og laga. Det gjer ho med glede – og glans.**

**B**åde Landskappleiken og Landsfestivalen var flotte arrangement med mykje folk og god musikk. Det var dyktige arrangørar på begge festivalane, så eg kjende heile tida at arrangementa var i trygge hender, seier Vestrum.

«Eg kjende heile tida at arrangementa var i trygge hender»

— *Kva er din jobb i arbeidet for Landsfestivalen og Landskappleiken?*

— Mykje av arbeidet går på tevlingsreglement, dommarskjema, påmelding og å skaffe dommarar. Her samarbeider eg tett med tevlingsnemndene. Elles er det rådgjeving innafor tema forsikring, TONO og alt mogleg anna som må på plass til ein festival. FolkOrg er elles ansvarleg for kontinuitet i reglement, kostnadsnivå og premiering og for kunnskapsoverføring frå år til år. Eg er òg til stades på kappleikane og festivalane som støtte og hjelp under sjølve arrangementa. Eg synest det er viktig å vere ein del av lokalarrangørteamet. Da fungerer det best.

**Dette er Marit (38)**  
**Bur:** på Holmlia i Oslo  
**Gift:** med Mats Johansson  
**Beste låtten:** "Pols med Ola Suul" frå Verdal

# Resultat og bilete

**C-klassa** er for deltakarar som har fylt 12 år, medan **B-klassa** er for dei som fyller 18 år (i løpet av det året dei deltek), og eldre. Deltaking i **A-klassa** krev to gode plasseringar (fyrstepremiegrad) i **B-klassa**. **D-klassa** er for dei eldste, men desse kan velje å halde fram i **B-klassa** (eller **A** om dei er kvalifiserte). Fullstendige resultat i alle klasser ligg ute på [www.lk2011.no](http://www.lk2011.no) eller [www.folkemusikk.no](http://www.folkemusikk.no).

## Hardingfele

- A:** Ottar Kåsa / Falkeriset folkemusikklag, Kongepokal  
**B:** Alexander A. Røystrand / Hardanger spelemannslag  
**C:** Solveig B. Hauknes / Bærum spelemannslag  
**D:** Loretta Kelley / Hardanger Fiddle Association of America

## Fele

- A:** Astrid Sulheim / Lom spel- og dansarlag  
**B:** Nina Fjeldet / Gausdal spelemannslag  
**C:** Rasmus Kjørstad / Harpefoss spel- og dansarlag

## Dans hardingfele

- A:** Stian Roland og Tone Voldhaug / Øystre Slidre spel- og dansarlag  
**B:** Sivert Holmen og Tora S. Vik / Vårflaumen spel- og dansarlag  
**C:** Lars F. Smaaberg og Karianne J. Holestøl / Gol spel- og dansarlag, Geilo spelemannslag  
**D:** Aud Manheim og Alf Tveit / Seljord spelemannslag, Spelemannslaget Sullarguten

## Dans fele

- A:** Svein Granøien og Heidi Tovmo / Røros folkedanslag  
**B:** Elin Eidsand og Pål A. Sveen / Tingelstadringen  
**C:** Solveig B. Hauknes og Ole Nilssen / Bærum spelemannslag, Elverum danselag  
**D:** Gunhild Døhl m/følge / Røros folkedanslag

## Vokal

- A:** Unni Bokstap / Nordmøre spelemannslag  
**B:** Ellen T. Thuland / Indre Sunnfjord spelemannslag  
**C:** Lars F. Smaaberg / Gol spel- og dansarlag  
**D:** Olav Sem (Fjellrosa spel- og dansarlag)

## Laus

- A:** Hallgrim Hansegård / Øystre Slidre spel- og dansarlag  
**B:** Bjørnar B. Heimdal / Numedal spel- og dansarlag  
**C:** Jens H. Jakobsen / Småjondølenes dansarlag  
**D:** Rolf Bjørgan / Østerdølenes folkedanslag i Oslo



Jennifer Marie dos Santos (Foto KU)



Mathilde Skjæret og Norill Terese Norheim (Foto EK)



Bjørnar B. Heimdal (Foto KU)

## Fløyte

- Senior:** Elise Hildrum / FolkOrg

## Munnharpe

- Senior:** Anders E. Røine / Øystre Slidre spel- og dansarlag

## Langeleik

- Junior:** Kristin Lie / Øystre Slidre spel- og dansarlag  
**Senior:** Lise L. Brennhagen / Vårflaumen spel- og dansarlag

## Durspel

- Junior:** Ole Nilssen / Hedmark Folkemusikklag  
**Senior:** Tom Willy Rustad / Harpefoss spel- og dansarlag

## Andre eldre folkemusikkinstrument

- Senior:** Bjørn Sverre Kristensen / Hedmark Folkemusikklag

## Open klasse

- Vrang

## Grupperpel

- Junior:** Myklemyrjentene  
**Senior:** Andreas Bjørkås og Leif I. Schjøllberg

## Lagspel

- Junior:** Bærum spelemannslag (fele)  
**Senior:** Gudbrandsdølenes spelemannslag

## Lagdans

- Junior:** Hallingdal (springar)  
**Senior:** Vårflaumen spel- og dansarlag




Karin Brennesvik (Foto EK)



Setesdøler (Foto EK)



Ingar Nordby (Foto KU)



Erlend Apneseth (Foto KU)



«Det finst snarvegar til lykke.  
Lausen er ein av dei»

*Silje Onstad Hålien, fyrste kvinne i A-klasse for lausdans.*

## Kommentar

**L**andskappleiken 2011 var definitivt et av de store høydepunktene denne sommeren. Det var andre gang jeg var med på landskappleik. Første gang var på Geilo hvor jeg for øvrig pådro meg skikkelig mageknip etter å ha fråtsa i et utall av oster og skinker fra en delikatessebutikk. Nok om det. Det var derfor høye forventninger til Seljord 2011, og jeg så særlig fram til det gode sosiale fellesskapet som er typisk for kappleikene. Folkemusikkmiljøet er

«Det er føles virkelig godt å ha deltatt»

som kjent ikke av de største. Derfor er det ekstra artig å møte sine store idoler og venner. I år sto jeg på scenen med Bærum spelemannslag, og som det pleier å være, var det ikke særlig bekvemt å se dommerne som stirret meg dypt inn i øynene med sitt killerblikk. Til tross for hyggelig matkvil med rømmegraut og kaffe under matteltet var det et forrykende regnvær under kappleiken. Mye vann og gjørme, forsterket av nokså dårlig skilting, ødela litt for den store begivenheten. Det er klart at når så mange mennesker fyker rundt i bunad og ikke vet hvor de skal være, er det lurt med skilt. Et ydmykt tips, altså. Men misforstå meg rett: Landskappleiken i Seljord var utrolig trivelig, og det er føles virkelig godt å ha deltatt.

*Even Pedersen (16)*

# Notisar

## Detteer Landskappleiken

**Vestmannalaget** i Bergen skipa til ein nasjonal kappleik alt i 1896. Dei første 25 åra, fram til 1924, veksla Bergen og Kristiania på å vera arrangørar. Kvart år samlar om lag 1000 aktive spelemenn, songarar og dansarar seg fem dagar i slutten av juni. Mellom 5000 og 7000 tilreisande kjem til Landskappleiken. Arrangementet er ambulerande og flytter kvart år til ein ny arrangementsstad. Det er FolkOrg som eig arrangementet.

## Sonja – høg beskyttar

**H.M. Dronning Sonja** er høg beskyttar av FolkOrg. Dronninga fornya tidlegare i år dette vervet for fem nye år og har ved ei rekkje høve vist stor interesse for folkemusikken og dansen. — Å la borna våre lære folkedans var eit medvite val, både for Kongen og meg, fortalde Dronninga i eit intervju med Bladet Folkemusikk i 2010.



**BESKYTTAR:** Dronninga er glad i folkemusikk.

## Eigen CD

**Det har vorte ein fin tradisjon** at arrangørane av Landskappleiken og Landsfestivalen markerer tilskippingane med eigne utgjevingar. I høve Landskappleiken 2011 kom spelemannsmiljøa i Seljord ut med den doble CD-en *Kring Skorve – seljordstrad før og no*. Den eine plata inneheld arkivopptak med avlidne utøvarar frå Seljord, medan den andre syner folkemusikkmiljøet i bygda i dag. Det eldste opptaket på utgjevinga er frå 1919, og det er Kjetil Flatland som spelar. Utvalet er ved Johan Vaa, Knut Loftsgarden og Harald Manheim.

# Dommarar 2011

**Dommarane har ein** viktig funksjon under kappleikane. Under Landskappleiken 2011 var desse fagfolka sette opp til å dømme dei rundt 1300 deltakarane i dei ulike klassene.

**Spel fele:** Tove Dalbakk, Tron Steffen Westberg og Marianne Tomasgård

**Spel hardingfele:** Alf Tveit, Åse Teigland og Tore Bolstad

**Gruppespel:** Tron Steffen Westberg, Marianne Tomasgård og Åse Teigland

**Open klasse:** Anette Thorsheim, Tellef Kvifte og Sigrid Randers-Pehrson

**Song:** Oline Løvlid, Ingrid Gjertsen og Sigrid Randers-Pehrson

**Eldre folkemusikkinstrument:** Elisabeth Kværne, Tellef Kvifte og Ingvild Lie

**Dans fele:** Knut Odnes, Live Karin Liaskar og Margot Sollie

**Dans hardingfele:** Siri Mæland, Sverre Heimdal og Torhild Kvalvågnes

**Durspel:** Leif Ingvar Ranøien, Anette Thorsheim og Håvard Kjøntvedt

## Fureprisen til Odde

**Den 21 år gamle felespelaren** Bjørn Kåre Odde frå Lom gjekk heilt til topps i tevlinga om Fureprisen under meisterkonserten søndag på Landskappleiken. Han var debutant i spel fele klasse A i år. Fureprisen er på 50 000 kroner og skal gå til ein deltakar på Landskappleiken under 25 år, uavhengig av klasse. I tillegg til hovudprisen vart det også delt ut fire Furestipend frå Knut Fures musikkfond på 10 000 kroner i utvalde C-klasser.



**BLID:** Bjørn Kåre Odde fekk Fureprisen for 2011.

## Nye heidersmedlemmer

**Under Landskappleiken** vart Ellen Bojer Nordstoga frå Vinje og Ruth Anne Moen frå Sand utnemnde til heidersmedlemmer i FolkOrg. Nordstoga er fødd i 1941 i Rauland, oppvaksen i Hedmark og busett i Vinje i Telemark. Ho er kvedar, dansar, pedagog, kulturformidlar og arrangør og har i fleire år vore distriktsmusikar i Telemark. Moen er fødd i 1950 og har vakse opp på Strømmen i Akershus. Ho har hovudfag i musikkpedagogikk og har undervist i både hardingfele, langeleik, kveding og klaver. Sidan 1986 har ho vore tilsett som konservator ved Folkemusikkarkivet for Rogaland, som ho har vore med på å bygge opp heilt frå botnen av. FolkOrg gratulerer bae eldsjelene!

## Historisk lausdansar

**Silje Onstad Hålien** (26) frå Valdres vart i år historisk, då ho som første kvinne rykte opp i A-klassa for lausdansarar. Hålien stilte på Landskappleiken i Seljord i ei spesialdesigna lausdrakt for kvinner. Drakta er laga av Marit Svalastog, som fekk ideen då ho såg Silje danse under Landskappleiken på Voss i fjor. — Eg tenkte det ville vere fint med ei stasdrakt som tek vare på det feminine, og som får fram den sterke kvinna, seier Svalastog.

## Dugnad i duskregn

**Sommaren 2011** var ikkje av dei beste – og heller ikkje Seljord slapp heilt unna regnet. Det la nok ein liten dempar over sjølve campen på Dyrskuplassen, men inne i Granvin Kulturhus og det store teltet Fjoset var det heile vegen høg stemning og stor spenning. Fleire hundre dugnadsfolk stilte opp under Landskappleiken i Seljord og gjorde ein stor innsats for at det samla resultatet vart så vellukka. Fleire nasjonale medium var til stades og merka seg den store innsatsviljen i bygda.



## Storslått opning

**Heile 1300 tilskodarar** fekk med seg opningsframsyninga "Telemarkin" i Fjoset på Dyrskuplassen. Førte fargerike born og unge frå Tusseleikens danse- og kvedargruppe og folkemusikktrioen Glima deltok med vakker musikk og dans, medan Hæge Manheim leidde publikum gjennom dikta til Aslaug Vaa. Manheim stod også for opplegg, regi og koreografi. Seljord junior spelemannslag og Seljord og Flatdal skulekorps fekk òg mykje ros for framføringa av eit spesialskrive verk av Klaus Sandvik.



Gunhild Døhl med følge (Foto KU)



Proviant (Foto KU)



Tone Voldhaug i ekspressfart på medbrakt sykkel (Foto KU)



Konsentrert spelemann (Foto KU)



«Eg elsker lyden av indisk harmonium.  
Det er så godt å synge til»

Kari Malmanger, deltakar i Open klasse.

# Astrid vann feleklassa

## Dette er Astrid (34)

Bur: i Trondheim

Arbeidar: som lege

Framtidsplanar: Å slite ut enda fleire strenger!



LEGE OG FELESPELAR: Heiltidsmusikar kunne eg aldri ha vore, seier Astrid. (Foto KU).

## Astrid Sulheim frå Lom vart best i fele klasse A under Landskappleiken i Seljord. Det var tredje gongen ho vann denne klassa.

Eg var veldig spent og nervøs før finalespelet. Det er ganske tøft å spele finale etter at ein har gjeve alt ein har i ei kvalifisering. Men det var jo veldig artig! Fantastisk publikum og utruleg god stemning, seier Astrid som trollbatt publikum og dommarar i finalen med slåttane "Gamel-Sjugurd", ein springleik og "Fjelltiten", ein halling.

Landskappleiken er ei gedigen musikkteving. Astrid likar å spele – til mange.

— Det er ei fantastisk moglegheit når så mange sit musestille og hører på berre meg! Det er utruleg artig å få spele den musikken eg er så glad i, til så mange folkemusikkinteresserte på ein gong. Eg prøver å forme slåttane og setje personleg preg på dei, samstundes som eg ønskjer å representere og formidle Lomstradisjonen.

— Kva vil du med musikken din?

— Folkemusikken er ein veldig viktig del av livet mitt. Den er viktig for identiteten min og

tilhørsla mi. Den har følgt meg sidan eg var lita. Eg driv med dette fordi det gjev meg glede, ikkje minst i samspel med andre. Dersom andre kan ha glede av musikken min òg, er jo det veldig triveleg!

«Eg kunne ofte ønskje at eg hadde betre tid til fela»

Stadig fleire blir profesjonelle utøvarar. Astrid drøymmer ikkje om eit liv i rampelyset.

— Eg kunne ofte ønskje at eg hadde betre tid til fela og musikken, men heiltidsmusikar kunne eg aldri ha vore. Eg likar å formidle musikken min, men er ikkje særleg glad i "rampelyset" og er heilt elendig til å reklamere for meg sjølv. Slik sett er kappleiksarenaen perfekt. Der kan eg vere så innoverretta eg vil på scenen, og buskspele i trygge omgjevnader.

Aslak O. Brimi frå Lom tok andreplassen, og Andreas Skeie Ljones frå Lillehammer vart nummer tre.

# Kompis med fela

Han er musikar og instrumentmakar. Det gjev kanskje nokre fordelar? Ottar Kåsa (28) vann kongepokalen i spel hardingfele klasse A.



BÅE DELAR: Ottar Kåsa likar tilveret som spelemann og felemakar (foto privat).

«Det var i grunnen tilfeldig at eg hamna her eg er no»

FolkOrg treffer felemakar og spelemann Kåsa til ein nettpprat på

facebook

20:44 Då byrjar vi? Er du klar?

20:45 Ja, eg satsar på at nervane og dataen held!

20:45 Fint. Aller fyrst: Korleis var det å vinne A-klasa i hardingfele? Gjævt, eller?

20:46 Det var sjølvsagt veldig moro, spesielt i år med så hard konkurranse og kongepokal i potten.

20:49 Kvifor vann nettopp du, trur du?

20:53 Det er litt vanskeleg å seie, men eg var nokså greidde nervane i sjakk. oppspelt og å halde så nokolunde Det gjer at ein kan tenkje på musikken i staden for bogeskjelvinga. Ein er avhengig av å ha dagen i ei slik teving, så det følte eg vel at eg hadde iallfall.

21:00 Du er felemakar. Var det eit naturleg val å velje dette yrket?

21:01 Det var i grunnen tilfeldig at eg hamna her eg er no. Eg var litt i tvil om kva eg skulle bli, men fekk eit tips om at eg kanskje burde bli felemakar, ettersom eg lika både handverk og musikk. Og det syntest eg

hørdest så spennande ut at eg byrja å studere dette hjå Sigvald Rørlien på Ole Bull Akademiet. Elles tenkte eg vel både på lærar og journalist.

21:06 Kva er eigentleg eit godt emne til instrument?

21:10 Det er veldig viktig med bra materiale i instrumenta, det er der ein legg grunnlaget, kan ein vel seie. Når det gjeld materiale til hardingfeler, så bør det vere så lett som mogleg, og helst rettvakse. Ein kan også variere materialvalet ut frå kva slags lyd ein vil ha. Om ein vil ha blautare, fyldigare lyd, bør ein kanskje bruke blautare materiale i botnen.

21:15 Satsar du meir på ein karriere som heilprofesjonell musikar, eller er det OK å ha musikken og fela som hobby?

21:18 Eg har felemakeriet som hovudnæring, og så tek eg gjerne speloppdrag i tillegg. Men eg er glad for at eg ikkje er avhengig av berre speloppdrag for å ha ei inntekt. Det er på mange måtar perfekt å veksle på desse to, synest eg.





# Eit tilbakeblikk

**KAPPLEIK:** Frå kappleiken i Vestmannalaget i Bergen 16. mai 1896. Gunnar Lundekvam framme i midten. I ein alder av 80 år vart han nummer to på kappleiken, medan Sjur Helgeland (framme t. v.) frå Voss vann.

Dei første nasjonale kappleikane i Noreg vart skipa til av Vestmannalaget i Bergen – første gong i 1896 og siste gong i 1914, til saman 11 gonger. Men også hovudstaden ville vere med: I 1903 stod Huldreleiken i Kristiania – seinare Laget for folkemusikk – bak tilskipinga. Landslaget for Spelemenn vart skipa i 1923, som eit særslag i Noregs Ungdomslag. Frå dette

«Landslaget for spelemenn vart skipa i 1923, som eit særslag i Noregs Ungdomslag»

året var det dette nasjonale laget som stod for Landskappleiken, som no vart lagt til ulike stader i Noreg. Frå først av var Landskappleiken mest kappspel for hardingfele, i tillegg til ein del eldre folkemusikkinstrument.

Første gongen Landskappleiken vart arrangert i eit reint feledistrikt, var i Lom i 1954. Frå den tid har fela vore ein likeverdig partnar med hardingfela. Dansarane kom elles med for fullt

etter krigen, da Oline Berg og Tor Unneberg vart dei første vinnarane i A-klassa for dans i 1949. Det gjekk nokså lang tid før kvending kom med på Landskappleiken – første gongen var på Notodden i 1958.

Det er felespelaren Hans W. Brimi som har flest singlar frå Landskappleiken – heile tretten gonger har han vunne. I hardingfeleklassa har Gjermund Haugen sigråtte gonger, tett følgd av Gunnulf Borgen og Knut Hamre (begge med sju singlar). I vokalklassa kan Agnes Buen Garnås notere seg for seks singlar.



**SPELEMANN:** Torkjell Haugerud.

# Landsfestivalen 11



«Festivalgjengarane er ofte kresne og ventar seg det beste. Eg er viss på at vi innfridde!»

Øyvind Sandum

(Foto KU)

# Suksessfestival på Oppdal



**KRY:** Øyvind Sandum er veldig fornøgd med årets festival (Foto KAAB).

**S**temnegeneral Øyvind Sandum er godt nøgd med Landsfestivalen 2011. Den nye dansetevlinga vart eit etterlengta løft for festivalen.

— Dansetevlinga har vore eit hjartebarn for meg. Eg er veldig glad for at dette gjekk bra! Ei skikkeleg publikumstevling med mykje underhaldning, seier ein glad og nøgd Sandum.

Vinnarane i den rykande ferske dansetevlinga var Egil Engebretsen og May-Lise Engebretsen frå Bygdedanslaget i Hamar.

— *Kva er det som er bra med dansetevlinga på Landsfestivalen?*

— Dette er også ei klasse for outsiderane. Her

er det plass til alle! Vi treng ei tevling som er for dei danseglade, ei uhøgtidleg klasse. Eg håpar arrangørane framover tek med seg denne tevlinga vidare. Vi har fått mange gode tilbakemeldingar!

«Her er det plass til alle!»

— *Vart arrangementet slik du hadde tenkt deg?*

— Det var jo ein del vi ikkje kunne styre, som vêret og den tragiske hendinga på Utøya. Men eg tykkjer vi greidde å ta godt hand om dei besøkjande som kom hit til Oppdal, og eg føler at vi fekk ei fin ramme på den siste dagen under arrangementet. Inntrykket mitt er at folket i Oppdal har ei generell haldning som går ut på at vi skal ta godt vare på dei som kjem på besøk. Eg har fått mange tilbakemeldingar om at folk kosa

**SUKSESS:** Dansetevlinga på Landsfestivalen var ny av året. 40 par var med i dei innleiande rundane. Her frå finalen. Par nummer 34 er Stig Nilssen og Elin Romenstad Bjørnsmoen, som vart nummer tre. Paret lengst til høgre er vinnarane May-Lise og Egil Engebretsen frå Stange (Foto KAAB).

seg her, sjølv om vêrgudane ikkje var på vår side heile veka, og då må eg seie meg godt nøgd!

— *Om du skal trekkje fram noko frå festivalen i år?*  
— Alt glei godt. Det var aldri problem med korkje dansspelet, matserveringa eller tevling. Eg håpar det er resultat av god planlegging. Festivalgjenarane er ofte kresne og ventar seg det beste. Eg er viss på at vi innfridde.

Landsfestivalen 2011 var eit fint arrangement – trass i dei tragiske hendingane i Oslo og på Utøya som naturleg nok fekk konsekvensar for arrangementet på Oppdal.

## Landsfestivalen 2011

**Arrangørstad:** Oppdal.

**Deltakarar:** Ikring 640 (individuelle og deltakarar i gruppe og lag)

**Friviljuge:** 350

**Publikum:** Ikring 3000

**Økonomisk resultat:** Per 09.09.11 – mellom 400 000 og 500 000 kr. i pluss

# Resultat og bilete

## Andre instrument

**Junior:** 1) Ole Nilssen / Hedmark Folkemusikklag og 2) Jørn Kjetil Solbakken / Vågå spel- og dansarlag.

**Senior:** 1) Mads Erik Odde / Lom spel- og dansarlag, 2) Thomas Nilssen / Hedmark Folkemusikklag og 3) Ronny Kjosen / Søndre Trondhjem Spellmannslag.

## Durspel

**Junior:** 1) Ole Nilssen / Hedmark Folkemusikklag, 2) Norill Terese Norheim / Jostedal spel- og dansarlag og 3) Jørn Kjetil Solbakken / Vågå spel- og dansarlag.

**Senior:** 1) Øyvind Sandum / Oppdal spel- og dansarlag, 2) Rikke van Ommeren / Oppdal spel- og dansarlag og 3) Tom Kjetil Tørstad / Vårflaumen spel- og dansarlag.

## Lagspel

1) Gamlebanken spelemannslag, 2) Lom spelmanlag og 3) Sør-Fron spelemannslag.

## Open klasse

1) Syvers orkester, 2) Sol i skuggeskog og 3) Ingrid Storlimo.

## Fele / hardingfele

**Junior:** 1) Rasmus Kjørstad / Harpefoss spel- og dansarlag, 2) Henriette Y. Rossebø / Østerdølenes spellmannslag og 3) Mathilde Skjæret / Jostedal spel- og dansarlag.

**Senior:** 1) Einar Olav Larsen / Verdal spellemannslag, 2) Nina Fjeldet / Gausdal spelemannslag og 3) Britt Elise Skram / Spelemannslaget Dâm og Drag.

## Dans


**Junior:** 1) Solveig Brekke Hauknes og Ole Nilssen / Bærum spelemannslag og Hedmark Folkemusikklag.

**Senior:** 2) Egil og May-Lise Engebretsen / Bygdedanslaget i Hamar, 2) Eva Rusten og Håkon Sandum / Heidal spel- og dansarlag og 3) Elin Romenstad Bjørnsmoen og Stig Nilssen / Hedmark Folkemusikklag.

## Grupperpel

1) Avbrekk, 2) Nordafjells og 3) Vågåmål

Fullstendige resultat i alle klasser ligg ute på [www.landsfestivalen.no](http://www.landsfestivalen.no) og på [www.folkemusikk.no](http://www.folkemusikk.no)



«Landsfestivalen er et av årets høydepunkt. Å spille med Rikke er et av dem!»

*Even Røhjell, her saman med Rikke Van Ommeren (Foto MSL).*



**HEIMEKOSELEG:** Landsfestivalen er populært blant campingfolket. Her, ei heimekoseleg og fargerik vogn (Foto KAAB).

## Kommentar

**D**ette begrepet har blitt brukt om populærmusikere fra "gullalderen" på 50- og 60-tallet. I den grad vi kan snakke om "oldies" innad i gammeldansmiljøet, var flere av disse til stede i levende live under mimrekvelden på Landsfestivalen i sommer. For dem som har vært i miljøet en stund, bød

«Mimrekvelden ble en flott kveld som beviste at 'oldies' definitivt er 'goodies'»

kvelden på en mulighet til et gledelig gjenhør med "oldiesene". Yngre deltakere fikk nå en mulighet til å oppleve gammeldansgrupper med erfaring som få kan skilte med. For samtlige ga det også en sjelden mulighet til å få et glimt av

en levende gammeldanskultur slik den fungerte på den tiden da gammeldansgrupper var "popmusikk", ikke bare en kuriositet. Gruppene representerte gammeldansmusikk slik den ble spilt da musikere ennå kunne basere deler av inntekten sin på spillejobber i helgene – og man som festgjenger opplevde gammeldansen som den faste dansemusikken. Ola Sandums kvintett, Hørkelgaddan, Slåttakaran med flere leverte gammeldansmusikk av solid klasse, finslipt gjennom utallige dansespillinger, og som til tross for mange års opphold presterte å fylle dansegulvet med både gamle og unge gammeldansentusiaster. Mimrekvelden ble en flott kveld som beviste at "oldies" definitivt er "goodies".

Jonas Hoksnes (26)

«Landsfestivalen står sterkt i miljøet, men rekrutteringsbehovet er stort»

Ragnhild Holø, felespelar og deltakar i verdas største spelemannslag.



(Foto KAAB)



Ronny Kjösen (Foto KAAB)



Hans og Ola Kjørstad (Foto KAAB)



Olaug Furusæter (Foto KAAB)



Aslak O. Brimi (Foto KAAB)



Stig Nilssen og Elin Romenstad Bjørnsmoen (Foto MSL)



Loar skule (Foto KAAB)



Synnøve Bjørset (Foto MSL)



Ingrid Storlimo (Foto KAAB)

# Notisar

## Dette er Landsfestivalen

**Tidlegare Landslaget** for Spelemenn skipa til Landsfestivalen fyrste gongen i 1986. Arrangørplass den gongen var Førde. Oppdal har arrangert Landsfestivalen også i 1990 og 2004. Landsfestivalen er ei musikktevling for dei som spelar gamaldans, eller runddansspel. Klassene er delte inn i soloklasser, gruppespel, lagspel og open klasse. Nytt i år var ein eigen danseklasse for beste gamaldanspar. Det er FolkOrg – Organisasjon for folkemusikk og folkedans som eig arrangementet.

## Det største spelemannslaget i verda

**Landsfestivalen på Oppdal** var ikkje snauare enn at dei sette ny verdsrekord under tilskipinga. På sundagen samla heile 187 spelemenn seg i Idrettshallen, der dei framførte dei fire slåttane “Gubben på Glåmos”, “Thorshaugvals”, “Åt Sulhusgubba” og “Hamborgar frå Nordfjord”. Eldste deltakaren var 88 år gamle Arne Risdal frå Skåbu, medan yngstemann berre skal ha vore to og eit halvt år. Det var Asbjørn Stensrud som fekk æra av å leie det største spelemannslaget i verda. Han sytte for at både feler, munnspele, tubaer, gitarar, bass, trekkspele og toradarar kom seg vel i hamn.




**STØRST I VERDA:** Musikalsk leiing ved Asbjørn Stensrud (Foto KAAB).

## Spelemannsbladet 6-2001

### Durspel senior

”**Klassa for bygdedansspel** på durspel er borte, men det er oppmoda til å spele både bygde- og runddans i tevlingane. Det er ikkje tvil om at det gjer tevlinga mykje meir høyrverdig når nokre av utøvarane tek med ein bygdedansslått. Derfor ros til Audun Rogne, Arnstein Fjerdingsren og Thomas Nilssen. Dei vart nummer 6, 7 og 8, men skal ha ekstra ros for bygdedansspel [...]. Tom Kjetil Tørstad vann for fyrste gong sidan han sigra i juniorklassa i 1993.”



**SPELEMANNSSBLADET:** Landsfestivalen var på Melhus i 2001.

## Landsfestivalen heldt fram

**Fredag 22. juli vart Noreg** råka av dei dramatiske åtaka på Utøya og i Oslo. Hovudkomiteen for Landsfestivalen 2011 vedtok saman med FolkOrg at festivalen skulle gå slik det var planlagt, men i ei meir dempa form. — Det som har hendt, er eit forferdeleg åtak mot uskuldige menneske. Vi vil gjerne vere i lag og samle oss omkring musikken og dansen, sa Maria Høgetveit Berg, styreleiar i FolkOrg.

## Dommarane under Landsfestivalen

**Her er ei oversikt over** dei som hadde den viktige oppgåva med å sitje i dommarpanelet under Landsfestivalen 2011, og kva klasser dei hadde ansvaret for:

**Solo durspel:** Hilde Fjerdingsøy, Rannveig Djønnne og Pål Bratås

**Solo fele/hardingfele:** Torill Aasegg, Britt Pernille Frøholm og Amund Bjørgen

**Solo andre instrument:** Hilde Fjerdingsøy, Pål Bratås og Torill Aasegg

**Lagspel:** Britt Pernille Frøholm, Rannveig Djønnne og Amund Bjørgen

**Pardans:** Jan A. Larssen, Kari Nilssen og Arne Sølberg

**Gruppespel:** Terje Stensgård, Mikal Lundemo og Jens Brekke

**Open klasse:** Terje Stensgård, Mikal Lundemo og Jens Brekke

## Dansespele og konsertar

**Mange av dei beste** gamaldansorkestra i landet, spelemannslag og toradarklubbar deltok med friskt dansespele utanfor sjølve tevlinga under Landsfestivalen. I tillegg var det også ei lang rekkje med andre arrangement denne helga. Valkyrien Allstars stod for ein av hovudkonsertane, medan Inge Gjevre, Erlend Viken / Aslak O. Brimi og Andreas Bjørkås var mellom dei som nytta høvet til å lansere nye CD-produksjonar.

## Kraftspel frå dei minste

**Sjokoladefestivalen under** Landsfestivalen viste at gamaldansmiljøet går ei god tid i møte. Nær 20 unge deltakarar framførte spel og dans på høgt nivå. Alle deltakarane hadde førebudd seg godt og tok tevlinga med største alvor, kanskje med von om å vinne dei gilde sjokoladepremiane? Ein av dei, Marius Westling (10 år), hadde iallfall ambisjonane klare: — Eg skal bli like god som Sven Nyhus, fortalde han rett etter framføringa si.



**KLARE MÅL:** Marius Westling, til høgre (Foto MSL).

## Friviljug arbeid

**Det var venta rundt** 4000 gamaldans- og folkemusikkentusiastar til Oppdal i juli. I tillegg hadde heile 640 deltakarar meldt seg på til sjølve tevlinga. Ei omfattande tilskiping krev også eit stort apparat, ikkje minst fleire hundre dugnadsfolk. Desse var mellom anna med på å reise det 900 kvadratmeter store teltet utanfor Idrettshallen, selje mat og billetter, svare på spørsmål og på anna vis gjere opphaldet triveleg for dei tilreisande. Deltakarpremien for dette året og to vandrepremiar var elles laga av ein av dei lokale kunstnarane frå Oppdal, Mali Anette Hoel.

## Tevling i gamaldans

**Landsfestivalen er i all hovudsak** ei tevling for spelemenn og spelekvinne. Nytt i år var tevlinga i gamaldans, der nærmare 40 par var påmelde. Vinnarane i den rykande ferske dansetevlinga var Egil Engebretsen og May-Lise Engebretsen frå Bygdedanslaget i Hamar. Eva Rusten og Håkon Sandum kom på andreplass, medan Stig Nilssen og Elin Romenstad Bjørnsmoen kom på tredjeplass.



## Dansen på stovegolvet

**EKTE GLEDE:** Vinnarane i midten flankert av Eva Rusten og Håkon Sandum (t.v.) og Elin R. Bjørnsmoen og Stig Nilssen (Foto KAAB).

— Det var veldig overraskande. Dette hadde eg aldri drøymt om, seier May-Lise Engebretsen (67) på telefon med FolkOrg. Under Landsfestivalen på Oppdal vart ho og mannen Egil (70) historiske noregsmeistrar i den nye klassen for gamaldans.

**L**følge May-Lise var det flaks at dei i det heile tok turen til festivalen på Oppdal.

— Det var eit venepar som sa at vi skulle melde oss på, og at dette var veldig uhøgtidleg. Ja, så gjorde vi det, i siste liten – og vann!

May-Lise og Egil har vore aktive i dansemiljøet på Hamar i mange år, både i Bygdedanslaget i Hamar og i Hedmark Danselag. Men dei siste åra har dei trappa ned danseaktivitetane noko, særleg etter at dei vart pensjonistar.

— Alle trur at pensjonistar har tid til å gjere det dei vil. Det er ein myte. Vi er ofte på farten og får ikkje med oss alle dansetilstellingane vi gjerne skulle ha vore på, seier ho. Det har likevel ingen ting å seie for kvaliteten på dansestega.

### May-Lise (67) og Egil (70) Engebretsen

**Bur:** Åsvang i Hedmark

**Yrkesliv:** May-Lise har arbeidd med rekneskap og som sekretær, Egil har vore knytt til Televerket i 40 år i tillegg til at han har køyrt drosje

**Beste gamaldansminne?** Å bli noregsmeister i gamaldans på Oppdal!

— Vi har vore glade i å danse heile livet! Gamaldansen er livat og set heile kroppen i rørsle. Og så har dansen mange moglege variasjonar. Innanfor kvar dans finst det ei mengd med variantar. Dessutan er det som

«Dette hadde eg aldri drøymt om»

May-Lise Engebretsen

oftast god stemning der det er gamaldans.

— Gamaldansen har i periodar vore nede i ein bølgedal. Er han på veg oppatt?

— Vi får håpe det. Vi saknar ungdommen. Eg trur ikkje dei er klar over kor moro vi eigentleg har det på øvingane. Nokre fleire kjem til, men vi har plass til mange.

## Talentet

**Noreg har mange unge lovande dansarar og folkemusikkutøvarar. Ein av dei er multitalentet Ole Nilssen (17) frå Løten.**

**E**g likar å spele og danse! Og eg set pris på å vinne. Det gjev meg ein ekstra driv og motivasjon til å halde fram, iallfall når det går bra, seier Ole.

Under Landsfestivalen på Oppdal i sommar vann Ole klassa for durspel junior, solo andre instrument junior og runddans junior saman med kjærasten Solveig Brekke Hauknes. I sommar deltok Ole også på Landskappleiken i Seljord. Her vann han klassa for durspel junior. I tillegg til gull og glitter vanka det òg eit stipend, denne gongen Knut Fures musikkstipend på 10 000 kroner "for særst godt spel". Ole har vist seg som ein spretten dansar og deltok saman med kjærasten Solveig i dans fele klasse C. For dette fekk han eit stipend frå FolkOrg på 10 000 kroner "for særst god dans". I open klasse kom Ole og kumpanane Tom Willy Rustad og Leif Ingvar Ranøien, no under namnet "Tre Vrange", på ein finfin andre plass.

Under HF-stemnet i Nord-Odal i april i år vann han klassa for durspel senior og vart hedmarkmeister i både runddansspel og

bygdedansspel saman med faren Stig og onkelen Thomas Nilssen. I juni vart han også tildelt Hedmark og Oppland musikkråds stipend til ungdom under vidaregåande musikkutdanning.

— Det ligg utruleg mange timar med øving gjennom fleire år bak alle resultatane og prisane eg har fått i sumar. Det varmar godt for motivasjonen til meir spel og er økonomisk ei god hjelp til nye instrumentkjøp, fortel Ole.

### Dette er Ole

**Bur:** Løten/Vinstra

**Framtidsplanar:** Kulturarbeid på ymse område

**Sivilstand:** Kjærest med hardingfelespelar Solveig Brekke Hauknes

**Beste kappleiksminne:** Vanskeleg å velje, men når eg spela i open klasse på Landskappleiken saman med Tom Willy Rustad og Leif Ingvar Ranøien, var det innmari moro!



**STORT LIV:** Landsfestivalen trekkjer til seg mange lojale lyttarar. Her frå festivalen i Nordfjordeid 2010 (Foto Lars Lunde).

# Eit tilbakeblikk

**E**in av grunnane til at det tidlegare Landslaget for Spelemenn (LfS) vart skipa i 1923, var eit ønske om å få ein felles mal for kappleikane og tevlingane. Det var nok ein liknande tankegang som 60 år seinare låg bak forslaget om å starte ein eigen festival for gamaldans. Denne debatten skaut fart i fyrste halvdel av 1980-åra og førte til at LfS seinare vart splitta, då eit mindretal valde å etablere ein ny organisasjon: Norsk Folkemusikk- og Danselag (NFD) i 1987.

Den aller fyrste Landsfestivalen vart arrangert i Førde i 1986, med Indre Sunnfjord spelemannslag som tilskipar. På Vinstra i 1988 selde ein for fyrste gong meir enn 7000 billetter. Til Oppdal i 1990 kom det 17 000 tilhøyrarar, medan nærare 1000 musikarar deltok. Året etter, då Landsfestivalen var lagd til Vågå, vart det seld heile 22 500

billetter. I alle år var det LfS som stod som eigar av namnet og arrangementet, medan ulike lokale arrangørar tok seg av sjølve tilskipinga.

Ein heilt spesiell vri fekk vi i 2009 då

«Den aller første Landsfestivalen vart arrangert i Førde i 1986»

Landsfestivalen og Landskappleiken var slått saman til *eitt* arrangement, denne gongen under namnet NM i folkemusikk. I 2010 vart det arrangert to ulike tilskipingar att, no med den nye folkemusikkorganisasjonen FolkOrg – Organisasjonen for folkemusikk og folkedans som eigar.

## Landskappleiken 2012

Otta, 27. juni–1. juli

Arrangør av Landskappleiken 2012 er Sel og Otta spel- og dansarlag. Laget består av ei samanslutning av Sel spel- og dansarlag, stifta i 1999, og Otta spelemannslag, stifta i 1954. Samanslutninga skjedde i 2009.

Laget har om lag 150 medlemmar og har eige spelemannslag. Landskappleiken har vore arrangert på Otta også tidlegare, i 1985. Laget har vore arrangør av Landsfestivalen i 1997 og 2003.

Otta ligg sentralt i Gudbrandsdalen, 11 mil nord for Lillehammer og 5 mil sør for Dombås. Otta er handelssenteret i Sel kommune og regionsenter i Nord-Gudbrandsdalen og er eit knutepunkt mellom Aust- og Vestlandet.

Otta og områda rundt har god kapasitet på overnatting etter alle behov: hotell, pensjonat og campingplassar med hytter og motell. Idrettshallen, det nye og det gamle kulturhuset og skulane ligg på same området, og det er rikeleg med parkeringsplassar i nærleiken.

**Landskappleiken 2012**

**Postboks 20**

**2672 Sel**

**Tlf.: 416 02 929**

**[www.landskappleiken.no](http://www.landskappleiken.no)**

## Landsfestivalen 2012

Vågå, 1.–5. august

Vågå spel- og dansarlag inviterer til Landsfestivalen i gammaldansmusikk i 2012.

Vi gler oss nok ein gong til å vere vertskap for utøvarar og publikum. For sjette gong er vi arrangør for anten Landskappleiken eller Landsfestivalen. Sist vi ynskte velkomne til Landsfestivalen i gammaldans, var i 1991 og 2007.

Det er mogleg å overnatte på hotell, hytter og campingplassar. Informasjon om overnattingsstader blir lagd ut på [www.landsfestivalen.no](http://www.landsfestivalen.no). I tillegg kan vi tilby festivalcamp, overnatting i klasserom og privat overnatting. Dette kan tingast på [innkvartering@landsfestivalen.no](mailto:innkvartering@landsfestivalen.no).

Vi håpar å sjå deg på Landsfestivalen i Vågå i 2012!

**Landsfestivalen 2012**

**Postboks 21**

**2684 Vågå**

**Tlf.: 958 98 278**

**[vaga@landsfestivalen.no](mailto:vaga@landsfestivalen.no)**

**[www.landsfestivalen.no](http://www.landsfestivalen.no)**



# Bli abonnent!

Kontakt [knut@folkemusikk.no](mailto:knut@folkemusikk.no)

BLÅDET FOR FOLKEMUSIKK OG FOLKEDANS

# FolkeMusikk

**VI FEIRAR 70 ÅR!**

**FESTIVAL:**  
Øl og stillongs

**KRONIKK:**  
Gud og folkemusikk

**PORTRETET:**  
Einar Eimhjellen

**+**

**AKTUELT  
INTERVJU  
MELDINGAR  
FAGSTOFF  
SMÅMAT**

KR 79,-

Ragnhild Hemsing:  
**To språk**

9 777891 647001  
INTERPRESS NORGE  
04  
RETURVEKE 50